

Til eigarane av Sambandet Vest AS

Askøy k—Meland k---Radøy k---Austrheim k---Lindås k---BKK AS—Wimoh Invest AS (F.Mohn)-Regionrådet Nordh.IKS (NUI)

VIDARE DRIFT AV SELSKAPET SAMB.VEST AS, 2015—2016—2017. Økonomisk grunnlag.

Gode eigarar. Ved utgangen av året 2014 vil opprinneleg aksjekapital, 1 mill, og ny aksjekap.-vedteken i 2013 på 1,6 mill vera så godt som brukt. Største summene har gått til å få eit forprosjekt, første fase i dokumentform. (Konsulentutg, og andre mindre div. utg.)

Skal selskapet arbeida vidare med f.eks KVV av forprosjektet, «selgja det inn» i fylket, st.vegvesen, RTP og NTP, og liknande,- må selskapet ha tilført nødv. Kapital dei tre næraste åra. Styret har vurdert behovet til ca 1,4 mill for ein tre-års periode. (450.000,/år)

Det enklaste for selskapet vil vera å få ei eingongsfinansiering på heile beløpet, utbetalt tidleg i 2015. (1,35 mill) Alternativt er å få tilført årleg 450.000,- i tre år. For kommunane som eigarar har dette i alle høve budsjettmessige konsekvensar, som kommunane i tilfelle sjølv må velgja.

Tek ein utgangspunkt i aksjefordelinga «i dag», 160 aksjar, vil det for heile utbetalinga (eingongstilskot)- utgjera (kr 8438/aksje):

Askøy k: **253.125-kr**—Meland k: **101.256 kr**—Radøy k, Lindås k, Austrheim k: **92.818 kr** kvar. Regionr. Nh IKS: **379.710 kr** (45 aksjar). BKK AS: **168.760 kr**—Womoh Invest AS: **168.760 kr**.

Så vil Samb Vest AS forsøkja få med att Bergen k, Fjell k. og Øygarden k, og vil og forsøkja få med ein del større verksemder i Nordh. og Askøy (f.eks Alfa-laval m fl) og Fjell-Øygarden. Dette vert i tilfelle «nye aksjar» i tillegg til dei 160. Dette vert det arbeida med –frametter.

Vonar for kommunane sin del- at ev oppfinansiering vert gjort i saman med budsettarbeidet for 2015. Det er umåteleg viktig å halda fram med prosjektarbeidet, både i kommuneplansamanheng og prosessane fram mot godkjenning i alle instansar. Diverre er alternativet avvikling av selskapet-tidleg i 2015 med basis i aksjelova om økonomiske betingelser. Må ikkje oppfattast som eit «trugsmål» frå styret si side.

Kopi til styremedl.

Manger, 01.okt.2014

For styret i Samb.Vest AS

John M. Bauge, styrel.